



Telefonreglementet

(Reglar for tildeling og godtgjersle av kommunikasjonsutstyr)

Dette reglementet omtaler tildeling og godtgjersle for bruk av kommunikasjonsutstyr, og er vedtatt av kommunedirektøren etter drøfting med dei tillitsvalte.

Reglementet er gjeldande frå 01.01.2020.

1. Mobiltelefon

Arbeidstakarar kan få mobiltelefon til disposisjon for bruk i tenestesamanheng. Om mobiltelefonen i tillegg vert nytta på fritida, vert bruken skattlagd, jamfør pkt. 11.

Tildeling omfattar dei grupper som er omtala i pkt 12.

2. Rutinar for kjøp av mobiltelefon

Arbeidsgivar dekkjer kjøp av mobiltelefon som kostar opp til **kr 9.000 inkl. mva.** (Ny sats frå 1.1.2024). Om arbeidstakar ønsker å kjøpe ein mobiltelefon som kostar meir enn dette, må arbeidstakaren dekke mellomlegget sjølv.

Som tilleggsutstyr får ein dekkja eit deksel/liknande på **inntil kr 600 inkl. mva.** (Ny sats frå 1.1.2024). Kostnad utover dette må betalast av den tilsette.

Ved kjøp skal følgjande rutinar følgast:

- Arbeidstakar fyller ut skjema *Kjøp av mobiltelefon* (sjå vedlegg) og leverer dette til sin einingsleiar.
- Einingsleiar gir klarsignal for kjøp av mobiltelefon.
- Arbeidstakaren kjøper den mobiltelefon han/ho ønsker og betaler denne sjølv. Skjema vert fylt ut av forhandlar/butikk og arbeidstakaren.
- Arbeidstakar kan nytte den forhandlaren/butikken han/ho ønsker.
- Arbeidstakaren leverer utfylt skjema saman med kopi av kvitteringane til sin einingsleiar for attestering og tilvising.
- Einingsleiar tilviser og sender skjema vidare til lønkontoret saman med kopi av kvitteringar. Samtidig skal det sendast kopi av skjema til arkiv (p- mappe).

Om einingsleiarar/kommunalsjefar skal kjøpe seg mobiltelefon, så skal dei følge tilsvarande rutinar, men leverer skjemaet til personalsjefen.

Ved signering av skjemaet «Kjøp av mobiltelefon», godkjenner den tilsette samtidig at arbeidsgjevar kan trekke i løn jf. pkt 3.

3. Dekking av kostnader ved bruk

Kostnaden for bruk av mobiltelefonen vert betalt av arbeidsgjevar (respektive eining) via fastprisabonnement. Sunnfjord kommune sitt til ei kvar tid gjeldande standard mobilabonnement skal nyttast – jf pkt 12.



Arbeidstakaren må derimot sjølv betale **innhaldstenester** via trekk i løn. Om mobiltelefonen vert nytta til **privat bruk** av innhaldstenester som opplysningstenester (nummersøk), kjøp av musikk, parkering og passering av bomring, avstemming på radio/TV, banktenester, donasjon til frivillige organisasjonar, billettkjøp, samt kjøp av ringetonar, spel eller appar via Google play, må den tilsette betale dette sjølv.

Tilsette må også dekke surfepakker bestilt for brukt i utland utanfor Norden og EU/EØS sjølv. Databruk i utlandet, utanfor Norden og EU/EØS, vil bli sperra når kostnadene passerer om lag 50 EUR.

4. Rutinar for innmelding og avslutning av kommunalt mobilabonnement

Når tilsette skal ha kommunalt mobilabonnement, må leiar sende melding på e-post til kontaktperson Telenor i Sunnfjord kommune (**Siv Kjøsnes**)
Siv.Eli.Carlsen.Kjosnes@sunnfjord.kommune.no.

Her må det kome fram: Namn på brukaren som skal ha kommunalt mobilabonnement, fødselsdato, mobiltelefonnummer, kva eining kostnaden skal belastast og frå kva dato dette gjeld.

Ved opphøyr må einingsleiar sende e-post til Siv Kjøsnes om oppseiing av kommunalt mobilabonnement på vedkomande tilsette frå ein fastsett dato. Om den tilsette ønsker å behalde mobilnummeret til privat bruk, så er det høve til det. Då må Siv Kjøsnes også bli informert om det samtidig.

5. Rutinar for bytte av mobiltelefon og slutt i stilling

Bytte av mobiltelefon kan berre gjerast når mobilen er minimum tre år gamal. Er det tenestemessig naudsynt å bytte tidlegare for eksempel etter eitt år, dekker arbeidsgjevar 12/36- delar av kjøpspris (jf. punktet om avskrivning under). Om prisen oversteig/overstig kr 9.000 for høvesvis gamal og ny mobil, må arbeidstakaren dekke dette sjølv.

Telefonen vert avskreven over tre år med 1/36 del per månad.

Om tilsette sluttar i stillinga før tre år etter innkjøpet av mobiltelefonen, gjeld dei same avskrivingsreglane som overfor. Då må arbeidstakar kjøpe mobiltelefonen for restbeløpet.

Om arbeidstakar sluttar og vil ikkje ta med seg den innkjøpte mobiltelefonen men levere inn, vert det eininga sin eigedom. Om telefonen kosta meir enn kr 9.000 som arbeidstakaren betalte, vert dette beløpet ikkje refundert.

6. Skade på mobiltelefon

Om arbeidstakaren skader sin mobiltelefon slik at den vert ubrukbar og ny må kjøpast inn, gjeld følgande:



6.1 Skade i arbeidstida

Arbeidsgjevar refunderer sin del opp til kr 9.000. Overskytande som arbeidstakar sjølv har dekkja, må vedkomande betale/dekke sjølv.

6.2 Skade i fritida

Arbeidsgjevar dekker sin del i samsvar med avskrivingsreglane.

Eksempel: Ein mobiltelefon som ved innkjøp kosta kr 12.000 blei etter 17 mnd totalskada. Då dekker arbeidsgjevar kr 4250. Overskytande dvs kr 4750 (19/36-del) samt det som overstig kr 9000, må arbeidstakaren dekke sjølv.

7. Einingsvise mobiltelefonar

Om eininga har/skal ha mobiltelefon som ikkje er knytt til nokon person, men til respektive eining og drift av denne, så skal kostnadene ved desse mobiltelefonane belastast respektive eining. Desse telefonane skal ikkje nyttast til privat bruk, og skal ikkje takast ut av eininga med mindre det er tenestemessige behov som tilseier det.

8. Godtgjering for bruk av privat mobiltelefon

Einskilde tilsette kan få refusjon av utgifter som kompensasjon for bruk av sin private mobiltelefon i tenestesamanheng. Dette vert utbetalt som ein fast sum pr månad.

Det omfattar dei grupper som er omtala i pkt 12 nr 4-5.

Godtgjeringa er skattepliktig som løn.

Arbeidstakarar som meiner dei bør ha dette, kontaktar sin einingsleiar.

9. Privat fasttelefon i tenestesamanheng

Dette omfattar refusjon av utgifter til bruk av privat fasttelefon. Dette vert utbetalt som ein fast sum per månad.

Det omfattar dei grupper som er omtala i pkt 12 nr 6.

I særskilde høve kan ytterlegare telefonutgifter dekkast. Dette gjeld t.d. når det i ein kortare periode er naudsynt med svært mykje bruk av privat telefon i samband med tenesta.

Arbeidstakarar som meiner dei bør ha dette, kontaktar sin einingsleiar.

Godtgjeringa er skattepliktig som løn.

10. Internett til tenestebruk i heimen

Dette vert ikkje dekkja.

11. Skatt

Om det vert utbetalt eit fast beløp til den tilsette, skal dette innberettast som løn og skattleggast. Det er skattekortet til den einskilde som bestemmer kor mykje skatt som vert trekt.



Godtgjering for bruk av mobiltelefon og telefon vert skattelagd i tråd med standard skattesatsar.

Ønskjer ikkje den tilsette å bli skattlagt for bruk av mobiltelefon, må mobiltelefonen leggst att på arbeid. Einingsleiar og den tilsette som disponerer mobiltelefon betalt av arbeidsgjevar, skal då **skriftleg** avtale at arbeidstakar legg att mobiltelefonen på arbeidsplassen ved slutten av arbeidsdagen. Ordninga skal vere kontrollerbar av einingsleiar.

Liste over kven dette omfattar skal einingsleiar sende lønningskontoret månadleg ved endring (nyinnmelding og utmelding).

12. Satsar for godtgjersle av telefon

Sunnfjord kommune dekker følgande kostnader fom 1. april 2023:

Ordning nr	Vert omfatta av ordninga	Dekking av kva	Dekning pr år (bruk og abonnement)
1	Kommunedirektør/kommunalsjef	Kommunen sitt fastprisabonnement for mobiltelefon	Gjeldande priser
2	Einingsleiarar	Kommunen sitt fastprisabonnement for mobiltelefon	Gjeldande priser
3	Tilsette i særskilte stillingar med strengt tenestleg behov	Kommunen sitt fastprisabonnement for mobiltelefon	Gjeldande priser
4	Kontaktlærarar Tilsette ved <u>tenestleg</u> behov	Godtgjering for bruk av privat mobiltelefon	Kr 1150
5	Hovudverneombod HTV i kvar abeidstakar-organisasjon som har frikjøp i delar av eller i heile stillinga.	Godtgjering for bruk av privat mobiltelefon	Kr 1150
6	Tilsette i vaktordningar om ikkje mobiltelefon vert stilt til disposisjon, ev. andre årsaker	Godtgjering for bruk av privat telefon	Kr 1150

Kommunedirektøren vedtar satsane etter drøfting med arbeidstakarorganisasjonane.

Kommunedirektøren kan gjere unntak frå gjeldande satsar ved særskilde behov.

13. Fellesbestemmelsar

For alle ordningar ovanfor gjeld følgande:

- Godtgjering for bruk av privat mobiltelefon og privat fasttelefon vert godtgjort med ein fast sum per måned (årsbeløpet dividert med 12).
- Einingsleiar må lønsmelde dette for den arbeidstakaren som skal få godtgjersle. Det skal skje samtidig som vedkomande vert tilsett ev. når vedkomande kjem inn under ordninga.
Einingsleiar må også gi melding til lønnskoret når godtgjersla fell bort.



- Når grunnlaget for dekning/refusjon fell vekk, opphører også denne frå den dag endringa fann stad.
- Når arbeidstakar sluttar eller går over i permisjon som medfører at vedkomande ikkje arbeider i si stilling, så opphører ordninga ved sluttdato eller permisjonsdato. Om vedkomande har kjøpt mobiltelefon, gjeld pkt 5.

14. Avgjerdsmynde

Følgande mynde gjeld:

Ordning nr	Mynde til å fatte vedtak kven som skal omfattast av dei forskjellige ordningane
1 og 2	Skjer automatisk når ein trer inn i stillinga. Personalsjef administrerer dette jf pkt 2.
3, 4 og 6	Einingsleiar
5	Personalsjef

Vedlegg

- Skjema Kjøp av mobiltelefon



Dokumenttype:

Vedlegg til Personalhandboka
kapittel 4.

Revidert av:

Jan Birger Moe

Godkjend av/dato:

Jan Birger Moe / 09.07.2024

Kjøp av mobiltelefon

Fyllast ut av arbeidstakar (BRUK BLOKKBOKSTAVAR)

Tilsettnr:	Namn:
Eining :	Lønskontonr:
Tittel/stilling:	

Fyllast ut av einingsleiar

Kjøp godkjent !
Dato/Underskrift einingsleiar

Fylles ut av forhandlar/butikk (ev. kopi av kjøpsordre ved internettkjøp)

Kostnader	Kr (inkl. mva)
Mobiltelefon	
Deksel/beskyttelse	
Sum	

Mottatt mobiltelefon

Ved signering her så godkjenner eg (arbeidstakar) trekk i løn jf. Telefonreglementet pkt reglane i Personalhandboka pkt 3.– sjå bakside.

Dato:

Arbeidstakars signatur

Attestert

Tilvist einingsleiar

Kr til utbetaling. Belastast: 11201 - -

Utfylt skjema leverast einingsleiar saman med kopi av kvittering. Einingsleiar sender vidare til løn for utbetaling. Kopi av skjema til arkiv (p-mappe).

Einingsleiarar som skal skaffe seg mobiltelefon sender skjema til personalsjefen.

**Rutinar for anskaffing av mobiltelefon**

Arbeidsgivar dekker kjøp av mobiltelefon som kostar opp til kr 9.000 inkl. mva.

Om arbeidstakar ønskjer å kjøpe ein mobiltelefon som kostar meir enn dette, må arbeidstakaren dekke mellomlegget sjølv.

Som tilleggsutstyr får ein dekkja eit deksel/liknande på inntil kr 600 inkl. mva. Kostnad utover dette må betalast av den einskilde.

Dekking av kostnader ved bruk

Kostnaden ved bruk av mobiltelefonen vert betalt av arbeidsgjevar (respektive eining) via fastprisabonnement. Sunnfjord kommune sitt til ei kvar tid gjeldande standard mobilabonnement skal nyttast.

Arbeidstakaren må derimot sjølv betale **innhaldstenester** via trekk i løn.

Om mobiltelefonen vert nytta til **privat bruk** av innhaldstenester som opplysningstenester (nummersøk), kjøp av musikk, parkering og passering av bomring, avstemming på radio/TV, banktenester, donasjon til frivillige organisasjonar, billettkjøp, samt kjøp av ringetonar, spel eller appar via Google play, må den tilsette betale dette sjølv.